

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Skei hotell
Dato: 17.06.2019
Tidspunkt: 09:30

Velkommen til det tredje møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2019!

Vi skal være på Skei hotell, der vi får møterom og god lunsj.

Etter styremøtet blir det synfaring til Haugadalen i Stardalen, der vi kan sjå på tilrettelegging og kva tiltak som skal i gong i sommar. I tillegg kan vi drøfte besøksstrategien i dette området. Ta med gode sko og kle tilpassa skiftande vêrtilhøve.

Vi har fått meldingar om forfall frå Førde kommune, og frå Fylkeskommunen møter vara Odd Atle Stegegjerdet. Eventuelt anna forfall må meldast snarast til Tor Arne på mob. 90192471 eller Maria på 93664256.

Velkommen!

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 15/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/19	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 17/19	Referatsaker Orienterings- og drøftingssaker: 1. Status på sekretariatet 2. Brekryssing og tur til Tungestølen 3. Open kontordag i Stryn 4. Status på tiltak så langt		
RS 11/19	Andre verneområdestyre - Uttale til forskrift for regionale miljøtilskot i jordbruket i Vestland		2019/6859
RS 12/19	Svar - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - spørsmål om overtredelsesgebyr		2019/3145
RS 13/19	Referat frå møte med miljøkoordinatorane i politiet den 9. mai 2019	X	2019/10538
RS 14/19	Bruk av droner i verneområder		2019/6554
RS 15/19	Avgjørelse i klagesak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til å filme med drone - Nordisk film og tv as		2019/5602
RS 16/19	Orientering - Jostedalsbreen Nasjonalpark - Definisjon av Forsvaret operative virksomhet i verneområdene		2019/8844
RS 17/19	19/119-11 Høyringsbrev. Framlegg til åtferdsreglar etter friluftsløva §15 for Breng i Lodalen, Stryn kommune.		2019/6949
RS 18/19	Styregruppe i forskningsprosjekt om Jostedalsbreen		2019/7002
RS 19/19	Bacheloroppgåver 2019 - Supphellebreen		2019/10511
RS 20/19	Styremøte i Skålastilaget vår 2019 - drøfting om søknad som nasjonal turiststi		2019/10266
RS 21/19	Referat frå vårmøte og årsmelding frå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane		2019/11386
RS 22/19	Opning av toalettanlegg i Supphella		2019/8674
ST 18/19	Delegerte saker		
DS 2/19	Delegert vedtak - løyve - Jostedalsbreen nasjonalpark - utbetring av brutilkomst ved Erdalssetra - Erdal beitelag		2019/4934
DS 1/19	Delegert vedtak - avslag - Jostedalsbreen		2019/8856

	nasjonalpark - helikopter til Skåla og Lodalskåpa - Explore 62 North	
RS 23/19	Bruk av el-sykkel i verneområder	2019/11151
RS 24/19	Fåbergstøl - Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovleg kjøring og graving langs breelva til Fåbergstølsbreen - Statkraft	2019/10928
ST 19/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - klagehandsaming - storselet på Sunndalssetra - Andersbruket	2019/4933
ST 20/19	Jostedalsbreen nasjonalpark - drøfting om utvalte innfallsportar - besøksstrategi	2019/3131

ST 15/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 16/19 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

ST 17/19 Referatsaker

RS 11/19 Andre verneområdestyre - Uttale til forskrift for regionale miljøtilskot i jordbruket i Vestland

RS 12/19 Svar - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - spørsmål om overtreddesgebyr

RS 13/19 Referat frå møte med miljøkoordinatorane i politiet den 9. mai 2019

RS 14/19 Bruk av droner i verneområder

RS 15/19 Avgjørelse i klagesak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til å filme med drone - Nordisk film og tv as

RS 16/19 Orientering - Jostedalsbreen Nasjonalpark - Definisjon av Forsvaret operative virksomhet i verneområdene

RS 17/19 19/119-11 Høyringsbrev. Framlegg til åferdsreglar etter friluftsløva §15 for Breng i Lodalen, Stryn kommune.

RS 18/19 Styregruppe i forskningsprosjekt om Jostedalsbreen

RS 19/19 Bacheloroppgåver 2019 - Supphellebreen

RS 20/19 Styremøte i Skålastilaget vår 2019 - drøfting om søknad som nasjonal turiststi

RS 21/19 Referat frå vårmøte og årsmelding frå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

RS 22/19 Opning av toalettanlegg i Supphella

ST 18/19 Delegerte saker

DS 2/19 Delegert vedtak - løyve - Jostedalsbreen nasjonalpark - utbetring av brutilkomst ved Erdalssetra - Erdal beitelag

DS 1/19 Delegert vedtak - avslag - Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopter til Skåla og Lodalskåpa - Explore 62 North

RS 23/19 Bruk av el-sykkel i verneområder

RS 24/19 Fåbergstøl - Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovleg køyring og graving langs breelva til Fåbergstølsbreen - Statkraft



Arkivsaksnr: 2019/4933-0

Sakshandsamar: Maria Knagenhjelm

Dato: 07.05.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	19/19	17.06.2019

Jostedalsbreen nasjonalpark - klagehandsaming - Storselet på Sunndalssetra - Andersbruket

Innstilling frå forvaltar

Klaga vert ikkje teke til følgje, då Jostedalsbreen nasjonalparkstyret ikkje kan sjå at det kjem fram nye opplysningar som tilseier ei endring av vedtaket i utvalssak 4/19 den 04.03.2019. Styret er forvaltningsmynde for Jostedalsbreen nasjonalpark, og kan prøve alle sider av eit vedtak når ei sak vert teke opp til ny vurdering.

Jostedalen nasjonalparkstyret stadfestar omgjeringsvedtaket den 04.03.2019 i utvalssak 4/19, der Anders Folven ikkje får løyve til riving/gjenoppbygging av storselet på gbnr.17/3, Anders-bruket, på Sunndalssetra i Stryn kommune. Saka vert sendt til Miljødirektoratet for endeleg handsaming, saman med klaga og dei relevante saksdokumenta.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Utfyllande klage frå Prêtør Advokater AS datert 25.04.2019
- Førebels klage frå Prêtør Advokater AS datert 28.03.2019
- Styresak 4/19 i Jostedalsbreen nasjonalparkstyret, møtedato 04.03.2019, sendt ut til søkjar den 12.03.2019.
- E-postkorrespondanse med Miljødirektoratet datert 11.02.2019
- Tidlegare saksdokument frå og med søknad frå Anders Folven datert den 24.05.2017 til og med utvalssak 20/18 er samla [her](#).
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningslova
- Foredraget til Kongeleg resolusjon



Advokat Eirik Bøe Sletten i advokatfirmaet Prètor AS har sendt inn ei klage på omgjeringssvedtaket på vegner av søkjar, Anders Folven. Klagar har rettsleg klageinteresse i saka, jf. forvaltningslova § 28. Førebels klage kom inn til styret innan klagefristen på tre veker, jf. forvaltningslova § 29. Utfyllande klage kom inn den 25.04.2019.

Om saka:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fekk søknad datert 24.mai 2017 frå Anders Folven om restaurering av to bygg på Sunndalssetra (selet og fjøsen) og riving/gjenoppbygging av eit tredje bygg (storselet), samt torvuttak og helikoptertransport. Styret gav løyve med vilkår, jf. søknad, til selet og fjøsen, men ønska meir kunnskap om storselet, jf. saksprotokoll den 19.06.2017.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 19.06.2017

Handsaming i møte

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurderte saka om riving og gjenoppbygging av storselet som utfordrande, og ønska meir informasjon og utgreiing før styret gjer vedtak om dette bygget. Utgreiinga til neste møte bør innehalde informasjon m.a. om styret sitt heimelsgrunnlag til å seie ja eller nei til nytt storsel, om styret har heimel til å krevje at storselet er ope for ålmenta, korleis tiltakshavar vil informere om utleigemogelegheitene og korleis tiltakshavar vil forplikte seg til utleige.

Endringsforslag frå Einar Målsnes: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskjer eit breiare fagleg grunnlag å vurdere ev gjenoppbygging av Anders Folven sitt tredje bygg (storselet). Nasjonalparkstyret ønskjer innhenting av uttaler frå Fylkeskommunen og Sunndalssetra sameige, samt vente på avgjerda til Miljødirektoratet i DNT-hyttesaka. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til både Anders-selet, Anders-fjøsen, torvuttak og helikopterferdsle i tråd med søknaden.

Samrøystes vedteke.

I møte den 30.10.2017 i sak nr 38/17 gjorde Jostedalsbreen nasjonalparkstyre følgjande vedtak:

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – 30.10.2017

Handsaming i møte

Styret ønska å sikre at bygget ikkje fall ned, og var einstemmig innstilt på å gje løyve til riving og gjenoppbygging av storselet på vilkår at det blir ope for ålmenta.

Vedtak

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til Anders Folven, til riving/gjenoppbygging av storselet til G/bnr 17/3, Anders-bruket, på Sunndalssetra i Stryn kommune. Løyve til riving/gjenoppbygging av bygget vert gitt på vilkår av at:

- Eit nytt storsel blir bygd identisk med eksisterande bygg, inkludert vindauge og dører.*
- Eksisterande bygning blir fotografert frå alle vinklar på førehand og sendt til nasjonalparkforvaltaren.*

• Alt rivingsmateriale skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak.

• Tiltakshavar inngår ein langsiktig avtale med eit turlag, turistforening, organisasjon eller ideell stifting om utleige av storselet for å sikre ålmenta si tilgong til overnatting på Sunndalssetra.

(...)



Siste vilkår av dette vedtaket er forvaltar si understreking, då det vart stilt spørsmål ved dette vilkåret og om det er gyldig.

Anders Folven gjorde ei avtale med Oppstryn skule om bruk av storselet, men nasjonalparkstyret vurderte ikkje denne aktuelle avtala som tilfredsstillande nok til å innfri vilkåret om at storselet skulle *sikre ålmenta si tilgong til overnatting på Sunndalssetra*. I ny handsaming i styremøte den 23.05.2018 avviste Jostedalsbreen nasjonalparkstyre klage frå Folven, då klaga var komme inn til handsaming 20 veker etter klagefristen, jf. forvaltningslova. Avvisinga av klaga var eit nytt enkeltvedtak, dette vart ikkje påklaga.

Forvaltar vart, over telefon i februar 2019, gjort kjent med at Miljødirektoratet ville vurdere om vilkåret som nasjonalparkstyret sette i vedtaket om løyve til riving/gjenoppbygging av storselet var gyldig. Dette gjaldt vilkåret der nasjonalparkstyret i dispensasjonen kravde ei leigeavtale til fordel for ålmenta. Direktoratet lurte på om Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sjølv kunne vurdere å endre/gjere om eige vedtak. Forvaltar vart også gjort merksam på at det føreligg ei plikt til å gjere om vedtak dersom dei er ugyldige, jf. uttale frå Sivilombudsmannen (for lenkje, sjå tidlegare saksutgreiing).

Med bakgrunn i førespurnaden frå Miljødirektoratet la forvaltar difor fram saka for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre på nytt. Eit forvaltningsorgan har moglegheit til å omgjere eige vedtak utan at det er påklaga viss vedtaket er ugyldig, jf. forvaltningslova § 35 første ledd, bokstav c. Forvaltar vurderte saka til å ha sopass sterke politiske føringar frå tidlegare styrehandsaming, og la difor fram dei to innstillingane som då saka var oppe til styrehandsaming den 30.10.17. Forvaltar synte til vurderinga som vart gjort under saksutgreiinga den gong, og meinte det framleis var relevant når styret skulle drøfte saka på nytt.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsama saka på nytt i sak 4/19 den 04.03.2019. Nasjonalparkstyret kom til at det var grunnlag får å gjere om tidlegare vedtak, og gje avslag på søknaden frå Anders Folven om riving/gjenoppbygging av storselet på gbnr. 17/3. I vurderinga vart det mellom anna lagt vekt på at hytta vanskeleg kunne være open for ålmenta.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 04.03.2019

Handsaming i styret

Samrøystes vedteke for det sekundære framlegget til innstilling.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ville vidare ta initiativ til dialog med Stryn kommune som planmynde etter plan- og bygningslova, slik at bygget ikkje blir ståande og forfalle vidare, men blir pålagt riving. Forvaltar vurderte i møtet at styret i utgangspunktet ikkje har heimel til å påleggje riving etter verneforskrifta.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre tek opp vedtakssak 38/17 til ny handsaming og vil omgjere eige vedtak jf. forvaltningslova § 35 første ledd, bokstav c.

I samsvar med verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.1, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette avslag på løyve til Anders Folven, til riving/gjenoppbygging av storselet til G/bnr 17/3, Anders-bruket, på Sunndalssetra i Stryn kommune.

Avslaget er grunngeve med at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurderer saka som ei nybyggingssak, då bygget er så dårleg halde ved like at det må rivast før det kan byggjast



opp att. Som eit heilt nytt bygg stiller nasjonalparkstyret strengare krav, og vurderer at turisthytta skjønnessmessig ikkje er i tråd med byggeskikken på staden.

Styret meinte under møtet at det ikkje ligg føre *særlege grunner* til at Anders Folven får bygge ei privat hytte på Sunndalssetra, jf. forvaltningsplanen, fordi han har to bygg frå før.

På vegner av Anders Folven sendte Prètør Advokat AS v/ advokat Eirik Bøe Sletten ei førebels klage innan fristen, jf. forvaltningslova. I den førebelse klaga datert 28.03.2019 står m.a:

Omgjøringsvedtak påklages på grunn av rettsanvendelsesfeil. Vilkaene i forvaltningsloven § 35 bokstav c) for a omgjøre vedtak 38/17 er ikke oppfylt. Vedtaket i sak 38/17 ligger innenfor nasjonalparkstyrets myndighet etter forskriften, og kan følgelig ikke anses å være ugyldig.

Nasjonalparkstyrets vurdering i omgjøringsvedtaket er vidare mangelfull, og vurderer overhodet ikke hvilken materiell bestemmelse som angivelig skal være overtrådt, om feilen kan ha påvirket vedtaket, eller om det foreligger andre momenter som tilsier at vedtaket likevel er gyldig. Etter sikker ulovfestet rett skal det også gjennomføres en interesseavveining hvor blant annet tidsfaktor, innrettelse, bakgrunnen for feilen mv. skal vurderes, jf. Eckhoff/Smith Forvaltningsrett 11. utgave s. 312 flg. og 474 flg.

Vurderingen og begrunnelsen i omgjøringsvedtaket er i strid med forvaltningslovens regler, herunder kravet til begrunnelse i §§ 24 og 25.

I den utfyllande klaga frå Prètør Advokat AS datert 25.04.2019 vert det mellom anna hevda at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har omgjort sitt eige vedtak på grunn av omstende som har skjedd etter at tidlegare løyve vart gjeve den 30.10.2017 i utvalssak 38/17. Vidare vert det vist til at det har gått lang tid sidan løyvet vart gjeve, og at det ikkje har skjedd endringar i det faktiske eller rettslege grunnlaget for løyvet. Det vert derfor hevda at grunngevinga for omgjøringsvedtaket har fleire manglar og at det lir av alvorlege sakshandsamingsfeil som gjer dette ugyldig.

Vurdering

Formålet med opprettinga av Jostedalsbreen nasjonalpark er å:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap

I forskrift av 25. oktober 1991 om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark følger det av IV punkt 1.1 at *Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.* (forvaltar sin understreking)



Forskrifta slår fast at oppsetjing av bygningar er forbode. Etter punkt 1.3 kan forvaltningsstyresmakta, når *særlege grunnar* ligg føre, gje løyve til å bygge bygningar som nemnt under punkt 1.2. Verneforskrifta krev at vilkåret om *særlege grunner* må vere oppfylt då det er ei målsetting i verneområdet å ivareta inngrepsfri natur.

I foredraget til Kongelig resolusjon står det på side 5 og 6: *grunneigare/rettshavarar som ikkje har sel, vil få løyve til å byggje eitt sel i stølsområde der dei har rettar og der det er sel frå før. Nye bygningar utanfor stølsområde vil ikkje få løyve.*

Etter forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c kan Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjere om eige vedtak utan at det er klaga på dersom vedtaket er ugyldig. Hovudregelen er at vedtak som er direkte i strid med lov eller forskrift, kan gjerast om av eit forvaltningsorgan som ugyldig. Samstundes følgjer det av forvaltningspraksis at heimelen for å gjere om, berre gjeld den delen av vedtaket som er ugyldig. I juridisk teori er det lagt til grunn at ei for streng praktisering av hovudregelen kan verke urimeleg i enkelttilfelle, særleg i tilfelle der feilen som fører til ugyldigheit må reknast som mindre vesentleg og i tilfelle der omgjeringa vil vere til skade for den som vedtaket rettar seg mot. I forvaltningspraksis er det lagt til grunn at spørsmålet om eit vedtak er ugyldig, vil bero på om vedtaket ville bli kjent ugyldig i sak for domstolane.

Det sentrale spørsmålet blir etter dette om Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt vedtak 30.10.2017 i utvalssak 38/17 kan seiast å vere ugyldig, og om ein eventuell ugyldigheit tilseier at nasjonalparkstyret kunne gjere om på vedtaket.

I grunngjevinga for omgjeringsvedtaket 04.03.2019 i utvalssak 4/19, har nasjonalparkstyret etter ei ny vurdering kome til at det tidlegare vedtaket om riving og gjenoppbygging er direkte i strid med verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark punkt 1.1 første ledd. Denne føresegna slår fast at landskapet der den aktuelle bygningen ligg, er verna mot alle former for inngrep.

Det tidlegare løyvet for riving og gjenoppbygging av storselet på gbnr. 17/3, vart heimla i ei føresegn som er eit unntak frå hovudregelen i verneforskrifta når det ligg føre «særlege grunnar». Kva som er *særlege grunnar* er ikkje utdjupa i forvaltningsplanen, men er berre meint å brukast i spesielle tilfelle. I tillegg skal løyve vurderast opp mot verneformålet, naturforholda, forarbeida og forvaltningspraksis. I dette tilfellet har søkjar allereie eit sel og eit fjøs. Storselet som denne saka handlar om var opphavleg open for allmenn overnatting for dei som skulle over fylkesgrensa. Nasjonalparkstyret vurderer at dersom den allmenne bruken fell vekk, har søkjar allereie to private bygg, og det ligg ikkje då føre ei særleg grunn til eit tredje bygg.

Konklusjon:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har brukt fleire år på denne saka og politikarane i styret har diskutert denne hyttesaka grundig. Når styret vart bedt av Miljødirektoratet å ta opp saka til ny vurdering, ligg det i saka sin natur at styret skal kunne prøve alle sider av saka på nytt.

Det er fleire argument som styret har lagt vekt på i sin konklusjon:

1. Nasjonalparkstyret har ønskja å ha ein ålment tilgjengeleg overnattingsplass på Sundalssetra, og hadde helst sett at søkjar stilte storselet til slik disposisjon. Når



- søkjær ønskjer å bruke storselet privat, vurderer nasjonalparkstyret politisk sett at denne *særlege grunnen* fell vekk.
2. Styret legg vekt på at det i forskrifta ikkje er lov med nye bygg i verneområdet.
 3. Styret meiner at det toetasjes storselet representerer eit anna visuelt uttrykk enn dei resterande bygningane på setra, det ligg i utkanten og er skjønnessmessig ikkje i tråd med byggjeskikken på staden.
 4. Fordi søkjær allereie har eitt sel og eitt fjøs på Sunndalssetra, slik som alle andre rettshavarar på stølen, er det ikkje rett og riktig at han får byggje seg eit *tredje* bygg for privat bruk.
 5. Styret har også uttalt at alle eigarar har vedlikehaldsansvar for sine bygg, og at eigar i dette tilfellet har latt bygget forfalle på eiga ansvar.
 6. I forvaltningsplanen står det at det ikkje vil bli gitt løyve til privat hyttebygging.

Etter dette framstår det som klart at vedtaket 30.10.2017 i utvalssak 38/17 er direkte i strid med punkt 1.1. første ledd i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Det tilseier at vedtaket er ugyldig, og at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har heimel for å kunne gjere om vedtaket utan at det er klaga på, jf. forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c. Det kjem heller ikkje fram opplysningar i saka eller i klagen som tilseier at søkjær har innretta seg på ein slik måte at ei omgjering av tidlegare vedtak vil verke urimeleg eller vere til særleg skade for den som vedtaket rettar seg mot.

Klaga vert ikkje teken til følge, og saka vert sendt til Miljødirektoratet for endeleg handsaming.



Arkivsaksnr: 2019/3131-0

Sakshandsamar: Maria Knagenhjelm

Dato: 14.05.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	20/19	17.06.2019

Jostedalsbreen nasjonalpark - drøfting om utvalte innfallsportar - besøksstrategi

Innstilling frå forvaltar

Sekretariatet legg fram utvalde innfallsportar i verneområdet til drøfting i styret. Resten av innfallsportane i nasjonalparken vert lagt fram etter sommaren. Dokumentet blir ettersendt nasjonalparkstyret.